



Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Tingvoll, 22. januar 2016

NVE

KLAGE – VEDTAK OM KONSESJON TIL LOFTDALSELVA KRAFTVERK I RAUMA KOMMUNE

Viser til dykkar ref. ? (KSK-notat 102/2015, i mangel av anna nummer).

Naturvernforbundet klagar med dette på vedtaket om å gi konsesjon til Loftdalselva kraftverk i Rauma kommune. Vi ber om at vedtaket blir omgjort, og at søknaden blir avslått.

Naturvernforbundet arbeidar i hovudsak med naturmangfald og friluftsliv. Viss det er nødvendig kan vi gjere nærare greie for vår klagerett.

Sentralt i denne klagen er at dei biologiske verdiane i det mest påverka området er veldig dårleg kartlagd.

Sakshandsaminga

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal har vore aktive med innspel til småkraftverksakene i mange år. Det siste året har vi etter oppmoding frå fylkeskommunen om samordning frå den grønne familien gjennom Forum for natur og friluftsliv (FNF) vore med på deira fråsegn, også i denne saka. Vi møtte også på synfaringa hausten 2015 for FNF.

Under synfaringa blei det klart at det ville kome ein justert søknad frå utbyggjar og at denne skulle sendast på ein avgrensa høyringsrunde. I påvente av ein slik søknad skreiv Naturvernforbundet ein rapport til FNF med det som vi fann under synfaringa. Sidan vi ikkje leverte eiga fråsegn, rekna vi med at høyringsbrev berre ville bli sendt til FNF. Vi bad FNF om å få tilsendt høyringsbrevet, slik at vi kunne tilpasse våre innspel etter synfaringa til den justerte søknaden. Under synfaringa opplevde

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal
v/Øystein Folden, Rasta 4, 6630 TINGVOLL

Telefon 918 12 542 – epost moreromsdal@naturvernforbundet.no – internett
www.naturvernforbundet.no/mr

vi utbyggjar som veldig bakpå med planlegging og vurdering av plassering av inntaksdammar osb., så vi rekna med at denne justeringa kunne ta noko tid. I midten av desember tykte vi det gikk lang tid for å justere søknaden, og var i ferd med å kontakte NVE for å høyre kva som var skjedd. Då kom vedtaket. Vi har i etterkant fått vite at høyringsbrevet var blitt liggande hos FNF.

Dette fråtok oss moglegheita til å spele inn ein del vesentlege moment i etterkant av synfaringa. Når denne moglegheita forsvann, blir vi nøydde til å klage i staden, sidan ganske mykje av dette ikkje er fanga opp i vedtaket.

Plana for anlegget og høyring

Denne saka starta som eit prosjekt der ein skulle grave ned røyrgate ein stad det ville vere nærast umogleg å få til noko som helst, og inngrepet ville ha blitt stort. Vegframføringa oppover lia ville blitt heilt håplaus. Kraftstasjonsplasseringa og nedre del av røyret ville gå gjennom landskap med verdi både som kulturlandskap og biologisk mangfald, langs turiststien. Når nokon tillet seg å søke om eit slikt prosjekt, så kan ein lure på om dei er seriøse.

Med ny plassering av kraftstasjonen, bruken av elveførebygginga som tilkomstveg og tunnel for vatnet, utan veg til inntaksdammen, så har dette blitt eit heilt anna prosjekt. No står det igjen spørsmål først og fremst knytt til plasseringa av kraftstasjonen og verknaden av lågare vassføring. Det vil vi kome tilbake til.

Denne saka blei sendt på høyring 9.12.2014, med høyringsfrist 20.3.2015. Dette er ei tid på året då det oftast er uråd å drive med grundigare undersøkingar knytt til biologisk mangfald. Det var innkalla til synfaring 9.-11. juni 2015, ei synfaring Naturvernforbundet ikkje kunne delta på som følge av andre avtalar med mange aktørar, slikt ein ikkje så lett flytter på. Men det kan hende var like greitt, for på den tida vil ein normalt ikkje sjå særleg mykje anna enn snø og is langs den delen av elvestrengen som viser seg å bli direkte råka.

Feltarbeidet i denne småkraftpakka gjorde Naturvernforbundet 31.8.2014, på grunnlag av ein førebels søknad, sidan vi hadde høyrte at pakka ville kome. Då klarte vi å sjå over 3 vassdrag i Rauma, og 2 i Nesset før det blei vinter. Loftdalselva var mellom dei 3, då ein gjennomgang av søknadene peika mot at dette vassdraget var det nødvendig å sjå på.

Først ganske tett oppunder synfaringa i september 2015 kjem det så eit revidert plankart for tiltaket. Det forundrar oss mykje at ein slik plan ikkje er meir gjennomarbeidd på søknadstidspunktet. På synfaringa 2. september 2015 var plassering av inntaksstaden framleis eit tema, og representanten for utbyggjar verka letta då han såg fast fjell i aktuelt område. Heilt plassert var inntaksdammen kanskje ikkje då vi snudde på synfaringa heller, men vi har i alle fall sett omtrentleg stad i kikkert.

Biologiske undersøkingar

Mesteparten av dei biologiske undersøkingane som er gjort for dette prosjektet gjeld dei delane som det ikkje blir noko av. Såleis er det kraftstasjonsområdet og ikkje minst strekning med bortfall av vatn og inntaksdam som er viktig i denne saka.

Elvestrekninga som er viktig i denne samanhengen ligg ganske utilgjengeleg til. Delar av strekninga er å rekne som bekkekløft. Sweco går ikkje så mykje i detalj om sine undersøkingar. Når ein går på

Artskart for å sjå kva som ligg registrert, kan ein merke seg at det punktet som er nærast elva gjeld kvitkurle registrert av Steinar Stueflotten. Ein observasjon vi sjølv har gjort i sjølve elvegjelet ligg litt unna på kartet, typisk nok for slike stader, då gps-målingane har dårlege kår med tilgjengelege satellittar nesten berre rett opp. På denne staden observerte vi kranskonvall, rosenrot, bergfrue, skogstjerneblom, turt, sumphaukeskjegg og sløke. Dei andre registreringane i området er gjort av Øystein Folden med eitt unnatak som gjeld John Bjarne Jordal og ei fugleregistrering gjort av Steinar Stueflotten. Ein kan ikkje sjå på Artskart at Sweco har vore i området.

Kva kan ein så tru om dei funna som er gjort? Artslista frå elvegjelet fortel om artar som er litt krevjande. Ikkje utprega kalkartar, men heller ikkje artar ein finn om berggrunnen er sur og hard. Ei artsliste frå Sweco er truleg frå same staden. Der er nemnt fjell-lodnebregne, gulsildre og fjellistel som vanlegvis indikerer noko kalkpåverknad, og fjellsyre kan også peike i same retning. Artslista er nok til at det er grunn til å sjekke opp området langs elva for å sjå om det kan vere andre artar som er sjeldnare. Her er bergvegg som må ligge i skugge, og våt av fosserøyk kan dei vere også. Når det ser ut til å vere noko kalkpåverknad, er alle føresetnaden til stades for at det kan vere moseartar som står på raudlista.

Bilete figur 8 i Sweco sin rapport syner innsamling av mosar og lav frå bekkekløft, og dette må vere same staden som registreringane til Folden. Ein kan merke seg at ein del av fjellet som syner på biletet er oppsprukke og klart noko anna enn hard og sur berggrunn.

Sweco har gått langs elva, men har dei gått i den delen som vil endre seg som følge av bortfall av vatn?



Figur 1. Sweco si synfaringsrute, henta frå søknaden.

GPS-loggen til Sweco fortel vel i utgangspunktet at dei har gått høgare oppe i lia, langs stien. Moglegvis med eitt eller fleire streif ned til vasstrengen.

Sweco seier at dei ikkje har funne raudlista mose eller lav, men dei seier noko om at det kan vere eit

potensial for at det finst slike artar:

På prosjektsrekningen finner en både fosser, stryk og noe roligere elvepartier. Det ble registrert en bekkekløft (lokal verdi C) under befaring. Det ble ikke registrert rødlistede lav- og mosearter langs elva på berørt strekning etter undersøkelse, men det kan ikke utelukkes da det anses å være et vist potensial.

Det blir vidare sagt i innleinga:

«Moser og lav er sendt inn for artsbestemmelse. Resultatet fra dette er at det ikke ble registrert rødlistede lav- og mosearter langs elva på berørt strekning etter dette.»

Vidare i kap 4.2

«Det ble samlet inn mose og lav i tilknytting til områder med fossesprut i en bekkekløft. Det ble ikke registrert rødlistearter.»

4.3:

«Det ble samlet inn lav og mose fra to lokaliteter i kløfta.»

«Øvrig vegetasjon i kløfta var blant annet av fjelltistel, blåknopp, marikåpe, fjellsyre, gulsildre, stjernesildre, bergfrue, rosenrot, og fjell-lodnebregne.»

Artslista vedlagt refererer til pkt 62.1 og 65.1 som innsamlingspunkt. Det første punktet finst på kartet, fig. 1, det andre finn vi ikkje. I ein annan bilettekst kan det sjå ut som baa moseprøvene er frå omlag same staden.

Det går elles fram at Sweco har påvist ein lokalitet av bekkekløft som er verdisett til verdi C. Denne går truleg frå brua der stien krysser elva og eit stykke oppover. Truleg ville det ha vore nemnt viss han når så langt opp som til inntaket. Noko meir om avgrensinga står det ikkje i rapporten, då lokaliteten ikkje er innteikna på kart så langt vi kan sjå. Men lokaliteten er i det minste komen inn i Naturbase. Lokalitetsskilddinga er også sparsam, men det har vel med at lokaliteten truleg i stor grad er observert frå avstand. Verdisettinga oppfattar vi som ein minimumsverdi, då lokaliteten knapt er undersøkt. Sweco seier at det ikkje er skog og daudved i området som kan gi høgare verdi. Vi veit ikkje kva det bygger på. Langs delar av kløfta står det i alle fall skog, og når denne blir tatt av ras, vind eller alder, vil slike tre ha eit lag med å hamne som daudved i kløfta. Om daudveden blir verande der veit vi ikkje. Vi trur ikkje Sweco veit så mykje om dette heller. Vi trur ikkje ein kan konkludere som Sweco gjer. Elles seier dei lite om kva verdier som det kan vere potensial for knytt til bergvegg som ligg i skugge, fosserøyk og moglegvis kalkpåverknad. Såleis meiner vi at verdi C på bekkekløfta må reknast som ein minimumsverdi, og det er potensiale for at verdien kan vere høgare.

Det går fram av denne rapporten, og vi har sett det i andre rapportar som den mest røynde av biologane i denne rapporten har vore med på tidlegare, at det er ein praksis med å ta med seg moseprøver tilbake til kontoret for bestemming av andre. Denne metodikken er vurdert i evalueringsrapporten av kartlegging for småkraftverk, kap. 5.3.4:¹

«I flere tilfeller ser ikke listene ut til å være utarbeidet på grunnlag av hva kartlegger selv har

¹ Gaarder, G. & Høitomt, T. 2015. Etterundersøkelser av flora og naturtyper i elver med planlagt småkraftutbygging. NVE, rapport 92.

observert i felt, men på bakgrunn av innsamlinger som senere er bestemt av eksterne eksperter. Dette er i våre undersøkelser oppgitt bl.a. for Dalatjørna i Kvam og Sandeelva i Samnanger, men bl.a. formuleringer indikerer at dette kan ha vært viktig for artslistene også i andre prosjekt. Et hovedproblem her er intensjonen om å samle inn et representativt utvalg av lav og moser. For det første er miljøvariasjonen ofte så stor innenfor undersøkelsesområdene at en god representativ dekning krever svært omfattende prøvetaking. Ennå viktigere er at eksempelvis de fleste relevante rødlistede moser forekommer så sparsomt og er knyttet til så spesielle mikrohabitat at de i praksis så godt som aldri vil bli påvist ved slike metoder. Det finnes konkrete eksempler på at selv svært tallrike, viktige arter har blitt oversett på denne måten⁴. Også andre relevante signalarter på spesielle miljøer kan være vanskelig å påvise ved slike metoder.»

Sweco seier i kap 3.1:

«Egen feltundersøkelse ble foretatt 9. august 2012 Influensområde for et småkraftverk omfatter som tidligere beskrevet også en sone utover de tekniske inngrepene. Hele det potensielle influensområdet er ikke befart da dette ikke er mulig innenfor rammer for miljøundersøkelse i forbindelse med småkraftutbygging. Undersøkelser i og langs elva er først og fremst foretatt i de områder som faglig er vurdert som viktigst for prosjektet (og som var fremkommelige). Gjennom disse undersøkelsene har vi fått god informasjon om biologiske verdier i området.»

3.3:

«Befaring er gjort 8. august 2012 av Solveig Angell-Petersen og Lise Rissstad (Sweco Norge). På formiddagen var det 9 grader, vindstille og noe overskyet vær med solgløtt innimellom. Utover ettermiddagen regnet det.»

Det kan sjå ut til at bekkekløfta som er nemnt ikkje høyrer til det biologane her reknar som viktig å undersøke, sidan dei i liten grad har vore der. Elles meiner vi bileta fortel om ei elv med mykje vassføring. Det gir ofte dårlegare føresetnad for kartlegging av slike miljø, men det er ikkje kommentert av kartleggar.


Naturtypelokalitetar

Vi er samde med Sweco i at det er ei bekkekløft i området som blir påverka. Vi har hatt nærkontakt med denne bekkekløfta ein stad, den staden som Sweco har eit punkt 062, og elles har vi berre sett delar av kløfta frå avstand. Vi har ikkje ei klar formeining av kor langt opp denne bekkekløfta går, men har i alle fall ei meining om ei minimumsutstrekning. Denne har vi lagt inn på kartet som syner synfaringsruta til Sweco.



Figur 2. Synfaringsruta til Sweco med fiolett, gule punkt markerar elvestrekninga som minimum må vere med i ein bekkekløftlokalitet.

Kva veit vi så om denne bekkekløfta? Om geologien veit vi såpass mykje at bergrunnskartet ikkje fortel heile sanninga. Her er lausare fjell, og det er teikn til kalkpåverknad. Det er heilt klart loddrette veggjar som er eksponert mot ulike himmelretningar, også ein del som ligg i ganske mykje skugge. Påverknaden av fossesprut veit vi mindre om, men det er klart at ein del område er påverka i større eller mindre grad. Kva vassføring som skal til er uvisst.



Figur 3. Frå nedre del av bekkekløfta. Her finst mange plasser til vegetasjon med ulike krav. Foto: Martin Gjellestad.

Kva veit vi om floraen innafor denne lokaliteten? Vi har observasjonar av færre enn 20 artar karplanter. Dei seier noko om det som er funne, og utelukker ingenting når det gjeld kva som kan finnast elles i bekkekløfta. Når det gjeld lav og mosar veit vi kva som er funne ein stad (Moglegvis to stader, men den andre plassen er ikkje plassert på kart). Viss ein sender ut ein biolog som er god på mosar, vil ein heilt klart finne mange andre artar, kan hende frå ganske andre miljø enn det som alt er undersøkt. Det vi veit er at det finst tilhøve som gir eit potensiale for meir sjeldne mosar, og utover det veit vi i grunnen ikkje noko. Om dette er ein lokalitet med verdi C eller A veit vi i grunnen ikkje noko om, verdien som er sett må reknast som ein minimumsverdi. Om det er raudlisteartar her veit vi i grunnen ikkje noko om. Potensialet er der.

NVE seier: «*Det er imidlertid ikke registrert noen rødlista arter tilknyttet bekkekløfta.*» Med dei metodane Sweco har undersøkt lokaliteten med kunne det ha vore 20 raudlistaartar utan at Sweco hadde funne nokon av dei.

Den biologiske undersøkinga skal klarlegge om det finst raudlista naturtypar og artar i eit område, og om desse vil bli påverka av tiltaket. Det Sweco har funne fram til er det stort sett andre som har registrert, og der Sweco er i nærleiken av å finne eit område med potensial for funn, så har dei gått utanom området, nærast så dei kunne vere sikre på at dei ikkje fann noko. Dette held ikkje mål som biologisk undersøking, og det er ikkje tilstrekkeleg som vedtaksgrunnlag i ei sak som denne.



Figur 4. Langs bekkekløfta står det skog på b e sider. Denne skogen blir ikkje henta av nokon, og ender opp som daudved, anten p  kanten eller nede i bekkekl fta. Kvar daudveden s  tar vegen er det vel ingen som veit. Kva som veks p  den daudveden som finst her er det heller ingen som veit noko om. Foto: Øystein Folden 31.8.2014.

N r NVE lister opp naturtypelokalitetar i influensområdet, kan dei notere at det er kome ein edellaувskogslokalitet med verdi A plassert i austre vegkant, der det rimelegvis skal gravast ned ein kabel mellom St len og Rabben. Det er ein lokalitet som Sweco har oversett, men den har fylkesmannen si kartlegging f tt med seg i alle fall. Lokaliteten treng ikkje bli p verka av tiltaket, men fortel at kartlegginga har vore d rleg.

Naturbeitemarklokaliteten St len er ogs  revidert. P  lokaliteten oppgir Jordal   ha funne gulfotvokssopp (NT), lutvokssopp (NT) og papillvokssopp (VU). Jordal har lagt desse inn tilgjengeleg p  Artskart, slik at det er r d   sj kke om dei ligg i trase for veg og kabel. Ein skal vere merksam p  at funna av desse tre artane fortel om eit potensiale for heile lokaliteten. Det g r mange soppglade sauer og nokre kviger som beiter p  lokaliteten, og det kan stundom vere vanskeleg   p vise beitemarksopp, sj lv om han veks der.

Elles finst det nok ytterlegare ein lokalitet til i influensområdet. Mellom kraftstasjonen og inntaket, på nordsida av elva, er det ein del alm, og ein edellauvskogslokalitet. Heilt nedst mot kraftstasjonsplasseringa bør denne kartleggast nærare for å finne ut om han blir direkte påverka, resten ligg såpass høgt over vassvegen bora i fjell at han ikkje blir påverka. Det ligg tilstrekkeleg med registreringar på Artskart til at det ikkje skal vere nokon tvil om at det er rik edellauvskog, men avgrensinga særleg mot vest er ikkje klarlagt, og verdien treng ei vurdering, bortsett frå at det er verdi A som følgje av storleiken aleine, og dessutan ingen inngrep og heller ikkje framande artar.

Friluftslivet

Vassdragsreguleringar og inngrep i samband med det er det mykje av i Rauma kommune. Såleis er Loftdalselva ein fristad med små tekniske inngrep når ein er komen inn til Stølen og held seg unna elveforbygginga. Då fører stiane vidare inn i område med store og gode urørtkvalitetar, kor ein kan gå like til Dovre utan så mange inngrep på vegen. Susen frå elva kamuflerer det som måtte vere av sivilisasjonsstøy frå dalen. Ei utbygging av Loftdalselva vil endre dette, flytte grensene for dette urøtområdet og gjere det mindre. Når dette også er ein del av eit større stisystem og større område med slike verdier, slik det er gjort greie for i FNF si fråsegn i saka, så er dette eit vesentleg punkt som gjeld eit tema med stor verdi og stor negativ verknad av tiltaket. Opplevinga av å kunne sjå og høyre Loftdalselva vil bli endra viss ein del av vassføringa går i tunnel.

Satsinga i Rauma kommune på naturbasert reiseliv ser ut til å vere aukande. Turistforeininga sine medlemstal aukar. Trendane i tida peiker i same retning. Ein kan sjå for seg at det i framtida vil vere eit samanhengande stinett frå Åfarnes til svenskegrensa og sentrale fjellstrøk i Sør-Noreg, i tillegg til internt i Rauma kommune. Åfarnes - Skorgedalsbu - Måsvassbu - Vasstindbu - Svartvassbu - Rabben - Loftskardselva - Fallebu - Grytilbu - Grøttavassbu - Saufonnbu – Vengedalen. For eit slikt prosjekt vil kraftutbygging i Loftdalselva og Rabbelva øydelegge veldig mykje.

Elles vil kraftstasjonsplasseringa og eventuell tipp bli liggande såpass nær stien at han representerer eit teknisk inngrep fotturisten normalt vil legge merke til og bli påverka av. I anleggstida vil det bli svært merkbart, men også seinare. Det er lite hjelp i ein pent utført kraftstasjon viss opplevinga er at han ligg i eit miljø han ikkje skulle ha vore i.

Vassdragsplana i Rauma kommune

Vassdragsplana i Rauma kommune består av to delar. Den eine delen er ein fagleg gjennomgang av dei ulike vassdraga i kommunen, der ulike eigenskapar er verdsett og det er gjort ei viss rangering av vassdraga på det grunnlaget. Den andre delen er ei omfattande høyring og eit politisk vedtak. Så langt vi kjenner til er det i ettertid ikkje gjort noko fagleg arbeid for revisjon av denne plana. Dei endringane vi kjenner til er at fleire vassdrag i gul og raud sone er bygd ut, noko som bør tilseie at dei som er igjen er endå viktigare å la renne urørt. Det har heller ikkje vore noko ny høyring.

Rauma kommune har gjennom eit vedtak utan førutgåande revisjon av fagleg grunnlag og utan høyringsprosess sett delvis bort i frå det planvedtaket som er gjort i si tid med plasseringa av dette vassdraget i raud sone og erstattar dette med tilråding om å bruke regelverket for gul sone. Det er uvisst om kommunen si vurdering tyder at det t.d. ikkje er noko vassdrag igjen i raud sone i kommunen. I så fall må andre mynde gjere vurderingar av kva vassdrag som det er mest om å gjere

å halde unna småkraftutbygging, når kommunen sjølv har slutta med det. Det Rauma kommune har gjort i denne saka er meir ei polistisk ytring som ein ikkje skal forveksle med vanleg politisk handverk som er nødvendig for ein revisjon av vassdragsplana. Sjølv om det har gått ein del år sidan plana er vedtatt, så ligg det stor verdi i det vedtaket som blei gjort den gongen, som ein ikkje kan sjå bort i frå.

Når ein går inn i sakshandsaminga for Rauma kommune si fråsegn, finn ein eit vedtak i formannskapet 24.02.2015, med presentasjon av alternativt forslag frå representanten Torbjørn Rødstøl:

«Vassdragsplanen er fra 2006 og er dessverre ikke rullert siden den ble vedtatt. Planen vurderer kraftutbygging på generelt grunnlag innen avgrensede delområder. Rauma kommune finner det vanskelig å legge til grunn kriteriene i rød sone for de omsøkte prosjektene, uten å vurdere det enkelte utbyggingsprosjekt separat. En slik vurdering ville kreve en mye lengre og grundigere saksbehandling enn det som er mulig i denne høringsrunden.»

Rauma hadde i 2006 ein vassdragsplan der dei etter eit betydeleg fagleg innsamlingsarbeid og to rundar med høyring prioriterte vassdraga sine i tre kategoriar, grøn, gul og raud. For vassdraga som hamna i raud sone var det signalisert at kommunen ville vere negativ til utbygging, og at det ville vere store krav til dokumentasjon for å få vurdert eit slikt vassdrag for utbygging, i tillegg til at risikoen for å få nei er stor. Den gongen hadde kommunen ei samla vurdering, sjølv om plana ikkje var fullkome.

Ved formannskapsvedtaket 24.2.2015 blir det tvert om sagt at det er greitt nok med utbygging, for det er krevjande å vurdere noko anna svar. Når dette blir lagt til grunn, har ikkje Rauma kommune lenger ei sortering mellom gul og raud kategori, og overlet denne sorteringa til andre.

Det er same utbyggjar og same kartleggar for biologisk mangfald for fleire av desse sakene. Det bør gi eit visst utgangspunkt for å samanlikne verdiar i dei ulike prosjekta og seie noko om prosjekta opp mot kvarandre. Den invitasjonen tar ikkje Sweco.

Ganske mange av høyringspartane har gitt uttrykk for at Loftdalselva ikkje bør byggast ut, og viser til samla vurdering av fleire vassdrag i denne pakka og i dette området.

Søkjar sine kommentarar

Søkjar kommenterer nokre utsegner:

«I forbindelse med utarbeiding av konsesjonssøknad er utført undersøkingar og gjort registreringar av biologar som er mykje meir omfattande og detaljerte enn det som vart gjort i forbindelse med vassdragsplanen. Ut i frå dette meiner vi at Vassdragsplanen ikkje bør vektleggast i for stor grad i høve til handsaminga av prosjekta».

Naturvernforbundet meiner at undersøkingane som er gjort no ikkje tilfører kvalitetar som gjer dei meir eigna i samband med vassdragsplana. Dessutan er moment til samanlikning mellom dei ulike vassdraga heilt fråverande i Sweco sitt materiale.

Utbyggjar: *Etter vårt syn vil ei slik utbygging kunne gje endå betre tilgong til området og våre erfaringar frå andre idriftsette prosjekt viser at eit område blir meir nytta av ålmenta i tursamheng etter ei slik utbygging.*

Naturvernforbundet er klar over at vegløysingar t.d. i byar får mange fleire folk ut. Karl Johansgate

i Oslo er eit av dei viktigaste friluftsområda i Noreg om ein tel folk og barnevogner. Viss ein skal få flest mogleg ut, så bør ein sprengje vekk mange fleire fjell og leggje mykje meir asfalt. Men det er ikkje det som er poenget. Mange av dei som oppsøker område som dette vel nettopp denne typen område fordi dei ikkje vil gå på flat og asfaltert veg. Ein del av våre medlemmer (og truleg mange andre) ser etter andre kvalitetar enn å gå opp ein grusveg og skrive namnet sitt i ei postkassebok. For denne gruppa er utbygging svært negativt. Denne gruppa er ein del av ålmenta.

Konklusjon

Den mest interessante fjerdedelen av elvestrekninga som blir berørt er knapt besøkt av biolog. Den biologiske undersøkinga slår fast at det er ein bekkekløftlokalitet på staden, men er så mangelfull at ein verken veit utstrekning eller verdi på lokaliteten. Sweco har oversett to store edellauvskogslokalitetar i influensområdet, og Jordal har funne 3 raudlisteartar i naturbeitemarka som Sweco har oversett. Dette har gitt feil grunnlag for vedtak. Verdien av området for friluftslivet er undervurdert. Utbyggingsprisen er svært høg (4,67 kr/kWh ifølgje revidert søknad, NVE bruker 3,80 kr/kWh som var aktuell før planendring) og vil umogleg kunne gi ein fordel av dette tiltaket som kan vege opp for dei negative verknadene på landskap, friluftsliv og biologi. Føresetnadene for å gi konsesjon til dette prosjektet er ikkje til stades.

Med vennleg helsing

Øystein Folden

leiar i Naturvernforbundet i Møre og Romsdal